

Kvar skulle ut av hjarta

Tone: Godag godt folk i stova

1) Kvar skulle ut av hjarta, frambæra al si gjerd
daa vil det gagn i verta, faa mykje meira verd
ein er for mykje gapen, i svikdom spekulert
aa nei du ærlegskapen, er altfor lågt taksert

2) Ja vil du innum kika, sjaa aat i saumarne
i uskuld vert ein svika, kjem burt i leielse
ein ikkje anna skynte, ein ven a sida gaa
men so naar paa det røynte, ein plent aaleina staa

3) Eg meiner da er illa, folk fara svamsa so
da føre burt i villa, aa sanning faar 'kje gro
vel fær her leigesveina, so vitna laust aa lett
da er 'kje paa da reina, um alt er sant aa rett

4) Aa folk er so paa live, dei slike sveinar
alt yrkje fraa seg hive, aa smaabodn gaa ifraa
men da er vaagalt sore, ein gjeng fraa heimen slik
der fyrstikk ligg paa bore, med omnen ligg der spik